

Austrheim Kommune
Sætremarka 2
5943 Austrheim

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/872 - 23/6976

Saksbehandlar:
Asbjørn Nagell Toft
asbjorn.n.toft@austrheim.kommune.no

Dato:
31.07.2023

Løyve til deling av bustadtomt på gbnr 130/53-Kaland

Administrativt vedtak. Saknr: 096/23

Vi syner til søknad motteke 29.06.2023

Vedtak

Austrheim kommune gjev herved løyve til omsøkt frådelling av bustadtomt på eigedom gbnr. 130/53 på Kaland. Grunngevinga for vedtaket er at søknad er i tråd med kommuneplanen sin arealdel som vart godkjent den 11.04.2019. Vedtaket er heimla i plan-og bygningslova si §§ 20-1, 21-4 og 26-1.

Saksutgreiing:

Det er kome inn søknad om frådelling av ein planlagt regulert bustadtomt på Kaland. Delingssøknaden er i tråd med kommuneplanen sin arealdel, den vart godkjent i kommunestyret i 2019. Delinga er og i tråd med områdeplan for Kaland/Fonnes som no er på 2. gongs offentleg ettersyn. Det er plass til ein tomannsbustad her eller ein einebustad. Søkjar skriv følgjande:

Kan nyttast til utfyllande merknader:

Det søkas om å frådela tomt for bustad i område Ekornsåta der reguleringsplanen for Kaland og Fonnes, bustadområde B36. Del av g.nr./b.nr 131/3, 4 m.fl med planid 4632_2021002 er ute på 2.gangs høyring.

Søkjar har nabovarsla søknaden på vanleg måte, det har ikkje kome inn merknad frå naboar. Nabo Morten Sognnes har samtykt til søknad. Kart datert den 29.06.2022 viser omsøkt deling.



Omsøkt deling er vist på kart over, snuplass er regulert sør for denne tomten.

Bustadtomten kan koblast til kommunal vass- og avløpsleidning som er i dette området. Tilkomstveg vert regulert som vist på plankart i som er vedlagt søknad.

Austrheim kommune ser at søknad er i tråd med reguleringsplan for området som har vore på andre gongs offentleg ettersyn, og kan godkjenne denne frådellinga til bustadtomt som omsøkt. Austrheim kommune legg til grunn at området vert frådelt i samsvar med reguleringsplan som er på høyring, og at det i oppmålingsforetninga vert teke omsyn til regulert tilkomstveg her. Detaljar omkring frådellinga vert teke i kartforretninga. Områdeplanen vert godkjent formelt i løpet av hausten 2023.

Saka vert hermed oversendt til Austrheim kommune sin oppmålingsingeniør Alf Kvant.

Lykke til med vidare prosess i saka.

Med helsing

Asbjørn Nagell Toft
avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Vedlegg:

Kopi til:

Alf Kvant

Bjørnar Fjellhaug

Mottakere:

Austrheim Kommune

Sætremarka 2 5943

Austrheim